



VALGPROGRAM

Sør-Fron Senterparti
2019 – 2023



Ole Tvette Muriteigen,
49 år, ordfører og sauebonde



Wenche Rønningen,
42 år, koordinator/assistent



Gunhild Haave,
34 år, adjunkt



Svein Jetlund,
49 år, GIS-koordinator



Magnus Berge
25 år, skogsmaskinfører

Trivsel og læring for alle barn og unge

Sør-Fron Senterparti vil arbeide for eit godt og utviklande miljø for barn og ungdom. For å oppnå dette må vi ha gode barnehagar og skular og legge til rette for eit variert fritidstilbod for alle. Dette inneber:

- Alle skal oppleve meistring i skulen
- PC-opplæring for alle elevar
- Trygg skuleveg
- God grunnbemanning i barnehagen og skulen
- Ein attraktiv og inkluderande ungdomsklubb
- Eit ungdomsråd som blir sett og hørt
- Å utvikle robuste ungdommar som blir trygge til å ta egne val gjennom MOT- arbeidet
- Nulltoleranse mot mobbing
- Bevisstgjerjing av forelderrolla blant anna gjennom MOT-samlingar for foreldre

Best på helse og omsorg

Helse og omsorgstenesta skal fortsatt tåle å bli målt mot dei beste i landet, med Sørheim som tilbod for alle livsfasar. Sør-Fron Senterparti vil arbeide for:

- Lokal legevaktordning
- God ambulanseteneste
- Kompetanseutvikling for ansatte
- Stillingsstorleik på utlyste stillingar skal vere minimum 60%
- Heimesjukepleie som gjer det mogleg for eldre å bu i eigen heim
- Helsestasjon for ungdom
- God støttekontaktordning
- Tverrfagleg samarbeid mellom alle som arbeider med barn og unge
- Samarbeid med frivillige organisasjonar

Den smarte grønne bygda

Vi ønskjer ein aktiv og bærekraftig miljøpolitikk der matproduksjon og fornuftig bruk av ressursane står i sentrum. For eit reint og triveleg Sør-Fron, ei grøn, kulturhistorisk lunge, vil vi jobbe for:

- Sikring av dyrka mark til matproduksjon, mellom anna med tiltak i Laugen og sidevassdrag
- Norsk(produsert) mat på institusjonskjøkken så langt det er mogleg
- Ein meir klimanøytral kommune med mellom anna klimanøytrale bilar

- Å auke tilgangen til alternativ, grønn energi samtidig som det blir vist omtanke for landskap, natur og areal
- Ladestasjonar for el-bilar på sentrale punkt
- Å leggje til rette for biogassanlegg på Frya

Godt å bu og leve

Det skal vere godt å flytte til Sør-Fron og godt å byggje og bu. Eit variert næringsliv og eit aktivt foreiningsliv er blant dei viktigaste føresetnadane for å sikre ei levande bygd med arbeidsplassar, busetting, tilflytting og vekst. Senterpartiet vil derfor:

- Sørge for god inkludering, gjennom mellom anna at alle som flytter hit får ein kontaktperson
- Leggje til rette for uformelle møteplassar
- Følgje opp etablerte verksemder og leggje til rette for gründarar og nyetablering
- Gjere flest mogleg av offentlege innkjøp lokalt
- Gi økonomisk støtte til private vegar og bygging av nye hus
- Sørgje for kommunalt vatn og avløp til fleire gjennom randsonetilknutting
- Støtte opp om reiselivstiltak i kommunen, som løypekøyring på Kvarvet, på Gålå og i Espedalen
- Arbeide for betre rammevilkår for pendlarar

Betre kommunikasjon – internett for alle

Livskvalitet og næringsutvikling er nært knytta til god samferdsel. Det er ikkje akseptabelt at bilistane i Midtdalen betalar for ein E6 som ikkje er ferdig bygd. Alle treng internett der dei bur. Vi vil arbeide for betre kommunikasjon gjennom å:

- Vere pådrivar for utbygging av fiber, betre breibanddekning og mobiltelefoni
- Krevje ferdigstilling av E6, slik at bomstasane kan fordelast på heile strekningen og redusert
- Sørgje for bru på Frya til dyrka mark



Brit Dalseg



Stein Arne Dalsegg



Erik Blakstad Haave



June Emilie Åsenden



Ragnhild Ulberg



Jens Magnus Larshaugen



Erik Andre Kvernes



Karen Løkken



Kristin Vold Lexander



Bjørn Gillebo



Silje Jeanett Meldal



Olaf Trygve B.
Larshaugen



Andre Sandbuløkken



Arnt Stian Rolstad



Anders Sveipe
Bergseth



Gudbrand Stokke



Tor Bjørke



Iver Bjerkehagen

Asmund Wadahl

Langsiktig forvaltning av fjell, jord og skog

Heile 94 % av utmarka i Sør-Fron er fjell, og årleg blir det hausta store mengder kjøtt produsert på utmarksbeite. Sør-Fron Senterparti vil støtte dette gjennom:

- Lokal forvaltning av utmarksressursane gjennom godt planarbeid
- Rovdyrforvaltning som prioriterer tradisjonelt landbruk
- Stimulering av aktiv setring, nydyrking og beiterydding
- Arbeid for fortsatt tilskot til kabelkrandrift i ulendt terreng
- Gode fagmiljø innan landbruket og godt samarbeid med jord- og skogbruksorganisasjonane
- Fortsatt prioritering av flom- og rassikring og beredskapstiltak mot tørke
- Vidareføring av utviklingsfond for jordbruket

Eit mangfoldig kulturliv

Sør-Fron er og skal vere ei unik kulturbygd og dette skal koma tydeleg fram i marknadsføringa av kommunen som ein attraktiv stad å flytte til. Vi skal jobbe fram mot ei 1000-årsmarkering som fremmer framtidstru, stoltheit og skapar-kraft. Kulturen skal ha gode vilkår gjennom:

- Auka satsing på kultur- og idrettsarrangement og frivillige tiltak
- Støtte til realisering av større nærmiljøanlegg gjennom interkommunalt samarbeid
- Bruk av kunnskapen som finst blant tilflyttarar
- Fritidsstipend og gratis utlån av fritidsutstyr
- Eit godt og tilgjengeleg bibliotek som attraktiv møteplass
- Fri bruk av skulane for lag og organisasjonar som driv kulturarbeid
- Kyrkja skal vere for folket
- Kyrkjene og kyrkjegardane i Espedalen og Sør-Fron skal haldast i god stand



Følg oss på Facebook Sør-Fron Senterparti